



HJELMELAND
KOMMUNE

Sakspapir

Saksnr	Utval	Type	Dato
016/23	Formannskapet	PS	07.02.2023

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Haldis Karine Nilsen	K2-K54	17/1699

UTTALE TIL SØKNAD OM AUKA GRUNNVASSUTTAK - TYTLANDSVIK AQUA AS

Forslag til vedtak

Hjelmeland kommune stiller seg positiv til ein auke i grunnvassuttaket ved Tytlandsvik Aqua, som omsøkt.

Hjelmeland, den 11.01.2023

Wictor Juul
Rådmann

Formannskapet 016/23

FSK - behandling:

Behandling:

Laugaland, SP stilte spørsmål om ugildskap, men vart røysta gild i saka.

Røysting:

Samrøystes vedteke

FSK - vedtak:

Hjelmeland kommune stiller seg positiv til ein auke i grunnvassuttaket ved Tytlandsvik Aqua, som omsøkt.

Samandrag

Tytlandsvik Aqua har søkt NVE om auka grunnvassuttak frå 4m³ pr minutt til 8m³ pr minutt.
Rådmannen tilrår å gi ein positiv uttale

Fakta

NVE har sendt søknad om auka grunnvassuttak hjå Tytlandsvik Aqua as på høyring.
Postsmoltanlegget har bedt om å dobla grunnvassuttaket frå 4m³ pr minutt til 8 m³ pr minutt.

Søknaden med vedlegg er å finna på www.nve.no/konsesjonssaker (<https://webfileservice.nve.no/API/PublishedFiles/Download/1409c578-9b11-4c1d-8b50-4ac30afa939f/201700734/3430541>) Saka er ute på ei brei høyring der kommunen sin uttale inngår. Frist er sett til 15.2. Utdrag av søknad:

Tytlandsvik Aqua AS søker om utvida konsesjon til uttak av totalt 8 m³/min grunnvatn i Tytlandsvik, Hjelmeland kommune. Det eksisterer ein konsesjon for uttak av 4 m³/min i dag. Uttaket er fordelt jamt over året.

Erfaringane med dagens uttak er gode, det er stabile forhold i brønnane. Grunnvassmodell frå 2022 syner at ein kan ta ut 8 m³/min utan at sjøvatn vert infiltrert. Modellen indikerer ved utvida uttak at middelvassføringa i Vormo vil kunne verta redusert med 1,4 %. Ved lågvassføring i sommarmånadane (5-persentil) vil vassføringa i Vormo kunne verta redusert med 10%.

Fornyng av grunnvassmagasinet vert til ved infiltrasjon frå nedbør, grunnvatn frå dalsidene og dalen oppstraums området, samt tilsig frå elvevatn. Planlagt uttak er betydeleg mindre enn naturleg tilførsel av grunnvatn til magasinet. Det er vurdert at eit auka grunnvassuttak på 8 m³/min ikkje vil medføra vesentleg endring frå referansealternativet/dagens situasjon, og konsekvensane for miljøet omkring er ubetydelege. Det vert vurdert som positivt for samfunnet om ein får auka grunnvassuttaket då dette medfører auka sysselsetjing i området

Lovar, føresegner, rundskriv

Søknaden skal behandlast etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova, og gjeld løyve etter vassressurslova prg 45.

Det vert her vist til vassdragslova prg 8. Konsesjonspliktige tiltak:

Ingen må iverksette vassdragstiltak som kan være til nevneverdig skade eller ulempe for noen allmenne interesser i vassdraget eller sjøen, uten at det skjer i medhold av reglene i § 12 eller § 15, eller med konsesjon fra vassdragsmyndigheten. Vassdragsmyndigheten kan i forskrift eller i det enkelte tilfelle fastsette at tiltak utenfor vassdraget som kan ha påtakelige virkninger for et vassdrag, må ha konsesjon. I så fall gjelder også lovens øvrige regler om vassdragstiltak unntatt adgangen etter § 18 til å begjære forhåndsavgjørelse av om tiltaket er konsesjonspliktig. Dersom et vassdragstiltak som går inn under første ledd må iverksettes straks for å hindre vesentlig skade, skal det gis melding til vassdragsmyndigheten så snart som mulig. Vassdragsmyndigheten kan om nødvendig gi pålegg om utførelsen og om retting. Om konsesjonsplikt og konsesjonsbehandling gjelder ellers nærmere regler i kapittel 3

Økonomiske konsekvensar

For kommunen ingen direkte. Men Tytlandsvik Aqua representerer ein viktig og framtidretta arbeidsplass i kommunen, og gode ramevilkår er også i kommunen si interesse.

Gjeldande planar, retningslinjer og vedtak

Området er i tråd med reguleringsplan R32. Det er også i tråd med kommunplanen sin samfunnsdel som vektlegg næringsutviling med basis i eksisterande næringar.

Konsekvensar for naturmangfald, klima og miljø

Det er det NVE skal vurdera før dei gir løyve. I søknaden er det lagt fram dokumentasjon på at auke i uttaket vil ha liten verknad på miljø og natur elles.

Konsekvensar for barn, unge, eldre og folkehelse

Ikkje relevant

Innkome uttalar

Dette er ein uttale til ei sak utsendt av NVE

Vurdering og konklusjon

Rådmannen er positiv til tiltaket, jfr framlagd dokumentasjon og gjeldande kommunale planar.